THE NORWEGIAN REVIEW OF ARCHITECTURE

ARKITEKTUR N

Arkitektur • Interiør • Landskap Nr. 2-2015 97. årgang KR 149,-

Arkitektkontoret Børve Borchsenius • Askim Lantto Arkitekter • Dronninga Landskap • Drdh Architects • Nicholas Møllerhaug • Cobe • Transform • Thale Sørlie • Katharina Dale Håkonsen • Agraff • Riss • Bjørbekk & Lindheim • Anne Sigrid Nordby • Kari Sørnes • Superuse Studios • Even Reinsfelt Krogh

KULTURENS HUS

DE SISTE ÅRENE ER DET BYGGET FLERE KULTURHUS RUNDT OM I LANDET. FELLES FOR BOK & BLUESHUSET PÅ NOTODDEN OG STORMEN I BODØ ER AT DE KOMBINERER FLERE KULTURFUNKSJONER I ETT ANLEGG. – DET SER UT SOM BYGG, MEN DET ER DET IKKE, SIER NICHOLAS MØLLERHAUG.



STORMEN, BODØ
DRDH ARCHITECTS (UK)



***Over**: Bibliotekets fasade mot havna i Bodø. **Motstående side**: Konserthusets hovedinngang. **Above**: The main façade of the Library, facing Bodø harbour. **Facing page**: Main entrance of the Concert Hall.*

STILLE FØR STORMEN


De to bygningene i Bodøs nye kulturkvartal fyller de siste to tomtene i sentrum av gjenreisningsbyen.

ARKITEKTENS BESKRIVELSE

Stormen, Bodøs nye kulturhus, består av to bygninger, konserthus og bibliotek, som er reist på de to siste ubebyggede tomtene i Bodø sentrum. DRDH Architects vant den åpne internasjonale konkurransen om planleggingen av området i 2008, og gikk videre til å vinne den inviterte konkurransen om utformingen av bygningene året etter.

Det 11 200 kvm store konserthuset har fire scener: Store sal, et hovedauditorium med 944 plasser; Lille sal med 260 plasser; Sinus, en musikkscene med plass til 480 publikummere; og Kammersalen, et konsertlokale med 100 seter. Store sal er et innovativt rom som kan transformeres, romlig og lydlig, fra en klassisk teatersal til en konsertsal for symfoniorkester, ved hjelp av et system bestående av





Situasjonsplan som viser deler av sentrum av Bodø med Stormen kulturhus. Målestokk 1:2500.
Site plan with part of Bodø town centre with the Stormen Culture Centre. Scale 1:2500.

Stormen sett fra havna. Stormen seen from the harbour.



***Over**: Storgata med biblioteket i forgrunnen, konserthusets hovedinngang bak. **Under t.v.**: Konserthuset. **Under t.h.**: Bibliotekets havnefasade. **Above**: Storgata with the Library in the foreground, main entrance to the Concert Hall behind. **Below left**: The Concert Hall. **Below right**: The harbour façade of the Library.*







***Over**: Biblioteket, med utsikt over sjøen. **Under**: Trappen i bibliotekets hovedrom. **Above**: The Library, with a view of the sea. **Below**: Main stair in the Library.*





Bibliotekets 2. etasje med trappen.
The Library, first floor with main stair.

bevegelige akustiske veggpaneler. Salen huser Nordnorsk Opera og Symfoniorkester, ledet av Christian Lindberg.

Det 6 300 kvm store biblioteket er et offentlig bibliotek som inneholder en rekke funksjoner, inkludert barne- og ungdomsbibliotek, kafé, offentlige møterom og utdannings- og utstillingsrom. Funksjonene er organisert rundt en sentral trapp og "gate" som forbinder inngangene til byen og havnen. Et stort leserom har utsikt over havnen, havet og fjellene gjennom en glassfasade, og fungerer som en "stue" for publikum på et sted hvor værforholdene ofte er ugjestmilde.

Byen

De to bygningene slår an et urbant samspill med både byen og landskapet rundt. Lave skråtak gjenspeiler formen på fjellene og øyene rundt Bodø, og sett fra havna framstår de som én helhetlig figur. De nøye skalerte formene skal gi bygningene en monumental, bymessig kvalitet, men også harmonere med de eksisterende nabobyggene og skape en urban sammenheng.

Fasadene består av ett materiale: Hvite prefabrikkerte betongelementer, stablet og selvbærende. Betongen inneholder en høy andel hvitt marmortilslag. Overflatene er enten polert eller vasket, for å holde på og reflektere de spesielle lysforholdene i Bodø.

"Bibliotekets funksjoner er organisert rundt en sentral trapp og "gate" som forbinder inngangene til byen og havnen."

Interiøret

Selv om bygningene ligner på hverandre utenfra, er de svært ulikt organisert. Publikumsområdene i konserthuset består av en enfilade sekvens av overlappende rom som kulminerer i scenerommene. Biblioteket derimot, har et åpent indre landskap, under en overhengende himling som moderer både målestokken og rommets akustiske karakter. I likhet med fasaden er de indre overflatene også tydelig masseproduserte: en palett av eikefinér, terazzo, gjennomfarget HDF, høytrykkslaminat, veggpaneler av kalsiumsulfat og filt preger begge bygningene.

Landskap

Storgata, Bodøs største offentlige gjennomfartsåre, ble redefinert i DRDHs områdeplan og fikk nytt granittbelegg. Dette tillater motortrafikk, men definerer plassen som et område som primært skal brukes av fotgjengere. Det nye belegget krysser Hålogalandsgata, snur trafikkhierarkiet opp ned og signaliserer at i dét motorveien kommer inn i byen, er det fotgjengerne som har forrang. Landskaps-



Store sal. *Main Concert Hall.*

arkitektene i Dark Arkitekter har tatt i bruk denne enkle paletten for å gi bygningene et relativt sømløst underlag. Landskapsløsningen inkluderer store granittblokker der gatenivået stiger opp for å møte bygningens inngangspartier, samt enkle håndløpere, gatemøbler og beplantning med støpejernsdetaljer.

"Granittbelegget definerer plassen mot Storgata som et område som primært skal brukes av fotgjengere."

Tilgjengelighet

Kulturhuset, biblioteket og landskapet er utformet etter gjeldende standarder for universell utforming. Alle brukere kan komme inn i og benytte bygningene uten hindringer. Prinsippene går igjen i bygningenes generelle utforming av rom og bevegelsesmønster, skilting og framkommelighet, samt i interiørarkitekturen.

Hver etasje i begge bygg kan nås med heis, og det er toaletter for rullestolbrukere i både publikums- og ansattområdene på hvert nivå. Alle salene i kulturhuset er utformet for å være så tilgjengelige som mulig, med flere soner og større valgfrihet for rullestolbrukere.

DRDH Architects

Stormen, Bodø

Architects: DRDH Architects (UK)

The two buildings of the culture centre Stormen in Bodø, an 11.200 sq.m. concert hall and a 6.300 sq.m. library, have been constructed on the last two vacant urban blocks in the city centre. Shallow pitched roof forms reflect the shape of the surrounding hills and islands, and when seen from the harbour and the sea they appear to conjoin and become a single piece. The façades are white pre-cast concrete elements, stacked and self-supporting. The concrete contains a high proportion of white marble aggregate, and the surfaces reflect the extraordinary light of this sub-Arctic region. The internal surfaces are a combination of oak plywood, terrazzo, through-colour HDF, HPL, calcium sulphate panels and felt. Storgata, the principal public thoroughfare, was redefined as a primarily pedestrian street through the laying of a new granite surface. The buildings and the landscape have been designed to comply with current standards for universal design.






***Over t.v.**: Konserthuset. Foajé med bar, 2. et. **Over t.h.**: Konserthuset. Lille sal. **Under t.v.**: Biblioteket. Fra galleriet i 3. et. **Under t.h.**: Konserthuset. Fra foajeen, 1. et.*
***Above left**: The Concert Hall. First floor foyer and bar. **Above right**: The Concert Hall. Smaller auditorium. **Below left**: Library. Second floor gallery. **Below right**: The Concert Hall. Ground floor foyer.*









1. *Gesims i prefabrikkert betong*
2. *To-lags prefabrikkert fasadepanel i betong med 200 mm EPS isolasjon*
3. *Ett-lags tak*
4. *Profilert stålplate*
5. *Brannisolasjon*
6. *Primærkonstruksjon i stål*
7. *Rullgardin*
8. *Perforert akustisk gipsplate*
9. *Aluminiumsbeslag*
10. *Tre-lags argonfylt glassfasadesystem*
11. *Vinduskonstruksjon i stål*
12. *Betongsøyle*
13. *Prefabrikkert betongavstiver, 300x600 mm*
14. *Parkettbelagt teknisk gulv*
15. *Grop for varmeelementer*
16. *Avstiverbrakett i rustfritt stål*
17. *Ett-lags prefabrikkert fasadepanel i betong med 200 mm EPS isolasjon*
18. *Betongdekke*
19. *Utvendig vannrenne*
20. *Betongdekke 1. et.*

1. *Precast concrete coping*
2. *Double-skin precast concrete façade panel with 200 mm EPS insulation*
3. *Single-ply roof*
4. *Profiled steel sheet*
5. *Fire insulation*
6. *Primary steel frame*
7. *Roller blind*
8. *Perforated acoustic plasterboard*
9. *Aluminium flashing to match glazing*
10. *Triple-glazed, argon-filled aluminium curtain wall system*
11. *Steel curtain wall carrier frame mullion*
12. *Concrete column*
13. *Precast concrete fin, 300x600 mm*
14. *Raised access floor with parquet finish*
15. *Trench heater*
16. *Stainless steel fin bracket*
17. *Single-skin precast concrete façade panel with 200 mm EPS insulation*
18. *Concrete floor slab*
19. *External drain*
20. *Ground floor slab*

Fra biblioteket. Perspektiv med detaljsnitt av fasaden mot havnen. Målestokk 1:70.
Library. Perspective detail section of the harbour facade. Scale 1:70.




Perspektivsnitt gjennom hovedsalen. Viser scenen klargjort for konsert.
Perspective section through main auditorium. Stage prepared for concert.



Perspektivsnitt gjennom hovedsalen. Viser scenen klargjort for teater.
Perspective section through main auditorium. Stage prepared for theatre performance.

1. *Scenetårn*
2. *Snoreloft*
3. *Scene*
4. *Forscene snoreloft og reflektor*
5. *Takreflektorer*
6. *Flyttbar lysbro*
7. *Følgespot galleri*
8. *Hengslet proscenium-toppanel*
9. *Hengslet proscenium-sidepanel*
10. *Skyvepaneler*
11. *Nedhengt himling*
12. *Hengslet himling*
13. *Lydabsorberende skyvepaneler*
14. *Orkestergrav med to orkesterheiser*


1. *Flytower*
2. *Grid*
3. *Stage*
4. *Forestage grid and reflector*
5. *Ceiling reflectors*
6. *Movable rigging bridge*
7. *Follow spot gallery*
8. *Hinged proscenium header*
9. *Hinged proscenium wall panel*
10. *Sliding side-wall panels*
11. *Flown ceiling panel*
12. *Hinged ceiling panel*
13. *Sliding absorbing wall panels*
14. *Orchestra pit with two orchestra lifts*



Bibliotek
1. *Inngang*
2. *Bibliotek*
3. *Aviser*
4. *Kafé*
5. *Publikumsstudio*
6. *Galleri*
7. *Flerfunksjonsrom*
8. *Kontor ansatte*
9. *Voksenbibliotek*
10. *Ungdomsbibliotek*
11. *Mediabibliotek*
12. *Møterom*

Library
1. *Entrance*
2. *Library*
3. *Periodicals section*
4. *Café*
5. *Community studio*
6. *Gallery*
7. *Multifunctional room*
8. *Staff office*
9. *Adult library*
10. *Youth library*
11. *Media library*
12. *Meeting room*


Biblioteket, 1. etasje. Målestokk 1:500.
Library, ground floor. Scale 1:500.




Konserthus
1. *Inngang*
2. *Foajé*
3. *Lille sal*
4. *Store sal*
5. *Sinus konsertscene*
6. *Bar*
7. *Varelevering*
8. *Verksted*

Concert hall
1. *Entrance*
2. *Foyer*
3. *Small concert hall*
4. *Large concert hall*
5. *Sinus concert venue*
6. *Bar*
7. *Truck loading bar*
8. *Workshop*


Konserthuset, 1. etasje. Målestokk 1:500.
Concert Hall, ground floor. Scale 1:500.




Biblioteket, 2. etasje. Målestokk 1:500.
Library, first floor. Scale 1:500.




Konserthuset, 2. etasje. Målestokk 1:500.
Concert Hall, first floor. Scale 1:500.



Snitt gjennom bysituasjonen med Stormen kulturhus. Konserthuset til venstre og biblioteket til høyre. Målestokk 1:500.
Site section with Stormen. Concert Hall to the left and Library to the right. Scale 1:500.



Snitt B-B gjennom biblioteket. Målestokk 1:400.
Section B-B through Library. Scale 1:400.



PROSJEKTOPPLYSNINGER

Byggets navn: Stormen
Adresse: Storgata 1, Bodø
Ferdigstilt: 2014
Oppdragsgiver: Bodø kommune
Arkitekt: DRDH Architects
Medarbeidere: Daniel Rosbottom ARB, David Howarth RIBA ARB (direktører); Jillian Jones RIBA ARB (prosjektteam-leder);
Designteam konserthus: Ewan Stone ARB, Patrick Hayman ARB, Mayuko Kanasugi ARB, Jacob Sjoblom ARB, Phoung Pham, Jef Driesen
Designteam bibliotek: Richard Marks (prosjektarkitekt), Paolo Scianna ARB, Victoria Jessen Pike ARB, Cecilia Sjoholm ARB
Konkurranse: Matthew Phillips ARB, Jonathon Connolly, David de la Mare, Kristin Nilsen
Interiørarkitekt: DRDH
Landskapsarkitekt: DARK ARKITEKTER AS, Elin Resch
Reguleringsarkitekt: Dark Arkitekter AS
Konsulenter: Norconsult AS, Bodø/Arup, London (RIB, RIV, RIE); Arup Acoustics, London/Brekke Strand, Oslo (akustikk); Arup Venue, London (teater); Dark Arkitekter AS (landskap)
Brutto areal: Konserthus: 11 200 kvm; Bibliotek: 6300 kvm
Byggekostnader: Bibliotek NOK 35,937/kvm ekskl. mva.; Konserthus NOK 44,007/kvm ekskl. mva.
Foto: David Grandorge

MILJØOPPLYSNINGER

Beregnet energiforbruk: Bibliotek 166,6 KwH/kvm BTA pr. år, Konserthus 169,9 KwH/kvm BTA pr. år
Byggekostnad: Bibliotek 35 900 NOK/kvm BTA, Konserthus 44 000 NOK/kvm BTA, ekskl. mva
Gjennomsnittlige U-verdier: Gulv = 0.15 W/kvmK, tak = 0.13 W/kvmK, yttervegg = 0.18 W/kvmK, glass/vindu/dør inkl. karm/ramme = 0.9 W/kvmK
Energikilder: Direkte og fjernvarme
Ventilasjon: Hybrid ventilasjon
Annet: Oppfyller TEK 10-kravene til 80% varmegjenvinning

I Stormen står tida stille

– Ei reise til to sjeldne nye norske kulturhus. Det eine er ein sensasjon.

Dette er ei skildring av arkitektonisk transformasjon. Det gjeld to av landets finaste vassfrontar. Havfronten i Bodø og fronten mot Telemarkskanalen i Notodden.

Eg byrjar i Nord, for der har det største mirakelet funne stad. I Bodø har den aller siste krigstomta blitt forvandla. Frå kebabparkering til polarsirkelens finaste konserthus og bibliotek: Stormen.

Langvegsfrå ser Stormen ut som eit bygg, men det er det ikkje. Stormen er to kvitkledde kvartal: det eine ytst mot hamna er blitt bibliotek. Inst mot bykjernen er konserthuset. Namnet peiker mykje på dritvéret langs Nordkysten, men også inn i bokheim og musikkverd. For dei som kjenner til Bodøsamtida peiker namnet Stormen også på dei politiske prosessane. Politikarane har krangla i årevis om desse krigstomtene. For bodøværingar er Stormen difor eit kulturelt under. Dei trudde aldri politikarane skulle einast om eit nytt kulturhus.



NICHOLAS MØLLERHAUG ER SKRIBENT OG KURATOR.

I Notodden har ikkje prosessane vore så turbulente. Det nye Bok- og blueshuset ligg sentralt på den tidlegare verftstomta til Hydro ved Heddalsvatnet. Her lagde Hydro gjødsel for verda, og sendte produkta ut Telemarkskanalen. Naboverksemda var ein annan nasjonal industriverksemd: jernfabrikken Tinfos. Den ligg framleis intakt og verneverdig like ved Blueshuset. Mellom desse bygningane er det forma ein open piazza: busstasjonen og opningane ned mot vatnet.

Blueshuset er tre fossefall meir enn eit hus. Dei tre tårna bygger på ein dramatisering av vatnet kring Notodden. Vatnet som transportåre og vatnet som energikjelde. Tårna dominerer huset, og peiker langt inn i industrihistoria, slik industrien kring Telemarkskanalen har raga med sine sekulære tårn. På den andre sida er Blueshuset ein eksplosjon. Det har opna vassfronten for folk flest, og kopla den med resten av byen. I mange år var vassfronten sperra inne av industri og tung røyk. Dette kjennest ut som tusen år sidan: i dag strøymer befolkinga til her i titusental.

Bodø og Notodden er diametralt ulike stadar. Stadane og desse to nybygga er gode døme på kor ulike bylandskap som finns her til lands. I båe tilfella har bygga fått namn etter innhaldet. I Bodø peiker Stormen på litteraturen og musikken: Stormen av Shakespeare og Stormen av Arne Nordheim. I Notodden forklårar namnet seg sjølv: Notodden er mest kjend for den årlege bluesfestivalen om sommaren.

Det er veldig langt frå sommarblues til den skarpe iskalde vinden i Bodø midt i januar. Den et opp kjakane i det ein glir rundt på isen som kler inn fortaua. Eg



Bok & Blueshuset, Notodden. Det nye kulturhuset er bygget på en tidligere verftstomt ved Heddalsvatnet. Bok & Blueshuset at Notodden. The new cultural centre sits on a former industrial site by Lake Heddalsvatnet.
Foto: Ivan Brodey



Stormen, Bodø. Konserthuset og biblioteket fyller hvert sitt kvartal, de siste ledige tomtene i sentrum av gjenreisningsbyen. Stormen, Bodø. The Concert Hall and Library fill the last two vacant blocks in the town centre.
Foto: David Grandorge

ser luringar som har tatt broddane sine på eller suser rundt på spark. Medan eg glir rundt reiser det seg: ein stor kvit koloss, eller kloss. Eg går heilt inntil og kjenner på den kvite murfasaden. Er det marmor? Den er nesten varm mot den isande vinden. Eg står og kjenner havsmaken i lufta: Det er salt i vinden. Dette gjer garantert marmorflatene salte. Eg undersøker ikkje dette nærare. Det er ikkje oppdraget frå Arkitektur N å smake på huset.

I Notodden er vassmengdene mykje mindre. Men sett i eit langt historisk perspektiv ser det annleis ut: det renn store mengder vatn forbi Notodden og Heddalsvannet. Dette er eit av Noregs aller viktigaste vassdrag, historisk sett. Telemarksvassdraget fører vatn frå Hardangervidda til havet. Den enorme demningen på Møsvatn porsjonerer vassgildet. Dette har gjort vassdraget til ei industriåre av aller ypparste merke. Og Notodden var i mange år det livgivande byorganet langsmed åra. Med sin industri.

Ser ein bort frå Heddalsvassflata er det skogkledde åsar og fjell som skapar landskapet. Kontrasten til Bodø er difor stor. I Bodø er det bart og skrint. I Notodden ligg det uendelege gran og furuskogar

> “Bodø og Notodden er diametralt ulike stadar. Stadane og desse to nybygga er gode døme på kor ulike bylandskap som finns her til lands.”

på vegen mot Drammen og Oslo. Difor hadde det vore ei hån å bygge eit Blueshus i Notodden av marmor. Tømmerbruken i det nye huset er ein parallell til den tradisjonelle plankleggінga i omgjevnadane. Vertikale “bord” fortettar fasadane og sjølv det minste hus blir ei borg i det tette skoglandskapet. I Blueshuset er tettheita av plank nesten overdriven. Det skaper ein kaskade-aktig kjensle i trefasaden. Og gjer tårna til tre impregnerte fossar av tre.

Bok- og Blueshuset i Notodden er plassert med mykje rom ikring seg. Det ligg i fin symbiose med dei verneverdige industribygga. For ein tilreisande med offentleg transport – buss – er bygget det første ein møter i byen, på andre sida av den opne piazzaen som er skysstasjonen med sine perrongar.

Eg går ut or bussen og passerar alle perrongane. Det er midt på dagen. Folk flest er allereie i gang i det nye bygget. Det første eg legg merke til er at det står ei lang rekke sykkel- og sparkstativ rett utanføre Blueshuset. Dei er lagd i behandla jern slik at dei ser rusta ut: ein liten tributt til nedlagde Tinfoss Jernfabrikk?

Eit umiddelbart første inntrykk utanfrå er at koplingane til omgjevnadar og historie er svært



Bok & Blueshuset, Notodden. Livescenen med kunstnerisk utsmykning på de akustiske panelene. Kunstner: Marius Martinussen. *Bok & Blueshuset at Notodden. Live stage with artwork by Marius Martinussen on the acoustic panels.*
Foto: Jiri Havran

vellukka. Tårna kombinert med materialbruken gjer huset til ei fin markering av ressurshistoria i Telemark. Innvendig er ikkje dette så tydeleg. Her er det den daglege offentlege bruken som står i sentrum. Og blues'en da. Den amerikanske sjangeren møter ein straks ein kjem inn i form av bluesmuseet. Eg må trass dette innrømme at blues-aspektet verker outrert i forhold til uttrykket i bygget elles. Det er nok ikkje blues'en sin skuld – dette har med utstillingsarkitektur og interiør å gjere. I Blueshuset tek ikkje interiøret omsyn til byggets totale karakter. Inne blir Blueshuset som eit ordinært norsk kulturhus. Og det er synd, nettopp fordi dette ikkje er ordinært. Kafemøblementet i storsalen er i rettferdas namn designarteikna, men ikkje spesialtilpassa. Eg saknar at blueshuset innvendig løfter

> "Innvendig er det den daglege offentlege bruken som står i sentrum. Og blues'en da."

vitjaren vidare inn i opplevinga som startar i fasaden. Det blir som å setje Billyhyller inn i det ambrosianske biblioteket i Milano. No er ikkje alt innvendig i dette huset dårleg. Løysingane som arkitektane har skapt fram er strålande, men kjemper åpenbart mot personlege lokale val. Lysforholda i huset er perfekte, takk vere lyssjakter i dei tre tårna. Hovedrommet – konsertsalen – er også eit raffinert peik mot fortida. Her kan ein nett som før i tida opne portane mot Heddalsvannet.

Konsertsalformen er bygd på ein typisk fabrikkhall-mal: ein boks. Diverre er dette rommet øydelagd av ei malplassert utsmykking. Rommet kryr av akustiske plater. I staden for å be arkitektane forme dette er dei dekorert av ein kunstnar. Rommet blir dermed teppebomba av eit uttrykk som tek merksemda frå arkitekturen. Dette forringer diverre sjølve kjernen i bygget. Det som veier opp er ein bortgøymd sal som er open ein sjeldan gong: Ein lun samlingsstad mellom tårna på taket. Ein stad for intime konsertar med utsikt mot Heddalsvannet. Dette må vere ein av dei finaste utesalane i landet. Men alt i alt er Blueshuset eit strålande hus – og dei innvendige forstyrringane kan rettast opp.

Når det gjeld byplanen for Notodden har Blueshuset gjort mykje for Telemarksbyen. Vatnet er igjen tilgjengeleg. Og når det er isande kaldt, sånn som no i januar,



Bok & Blueshuset, Notodden. Biblioteket med utsikt over vannet. *Bok & Blueshuset at Notodden. From the Library, with a view of the lake.*
Foto: BB



Kunsthaus Bregenz, Østerrike, 1997. Arkitekt: Peter Zumthor. *Art House Bregenz, Austria, 1997. Architect: Peter Zumthor.*
Foto: Helene Binet, mimoa.eu

kan ein nyte vatnet likevel – innafrå biblioteket. Det er difor ikkje utan grunn at det er biblioteket som vender mot Heddalsvatnet. Og som for å ikkje overdøyve med for mykje utsyn, er hjørnet mot vatnet delvis kledd i gjennomskinleg plast. Ein vertikal repetisjon av vatnflata. Ein effekt til dømes Peter Zumthor reindyrker med sitt kunstmuseum i Bregenz.

Vatnet utafor biblioteksglaset i Notodden gjer at ein kan reise langt i stolane innandørs.

Dette er også ein fellesnemnar mellom konserthuset i Bodø og Blueshuset i Notodden. Også i Bodø ligg det bibliotek i det nye huset ut mot vatnet, og når fiskarane kjem inn med dagens fangst i sine kvite båtar kan dei vinke til lesarane. Hamna ligg berre nokre meter unna biblioteket i Stormen. Heilt inst i båthamna er dei kvite felta i dei store bibliotekglasa ein repetisjon av båtmastene. Master repetert vertikalt og kvitt inn i det varme rommet. Og tøffar ein litt ut i hamnebassenget og snur seg då ser ein kulturhuset som stilisterte fjellryggar over byen.

> “Når det gjeld byplanen for Notodden har Blueshuset gjort mykje for Telemarksbyen. Vatnet er igjen tilgjengeleg.”

Denne beinkalde vintermorgonen er det allereie folksamt i biblioteket i Bodø. Ein straum av småfolk i kjeledressar kjem subbande inn i Stormen. Subbing og roping forstyrrar ikkje. Akustisk er rommet godt tilrettelagt for dette. Denne effekten blir særleg underbygd av treverket i ankomstarealet: Ei brei trapp av tre geleider dei små opp mot barneavdelinga i toppetasjen, der dei kan bråke skikkeleg, skild frå resten. Samstundes er det mogleg for dei minste å sjå ut or denne delen. Det er både ope og lydisolert. I barneavdelinga er det også eit intimt og mystisk forteljarrom. Med stjernehimmel …

På veg opp mot barneavdelinga legg ein merke til eit vindauge i taket. Der oppe – høgt der oppe – ligg eit anna mentalt landemerke i Bodø: Baren på toppen av SAS-hotellet, Top 13. Ei slik kopling gjer at bygget leiker med byveven ikring.

Midtvegs i trappa blir ein vitne til første del av utsmykkinga i Stormen: Eit enormt fotografi av eit samisk ektepar. To representantar for eit språk som no er



Stormen, Bodø. Fra biblioteket, hovedtrappa. *Stormen, Bodø. From the Library, the main stair.*
Foto: David Grandorge

utrydda. Det er kunstnaren Anne Katrine Dolven som står bak. Tittelen er "Jeg fant! Jeg fant!" Denne utsmykkinga gjer eit heilt anna inntrykk enn panela i Notodden. Arkitektane i Bodø har fått finstille interiøret i kontrapunkt med fasaden og romma. Det velvalde møblementet skaper små mikrokosmos rundt ikring bygget. Til og med i barneavdelinga er det spesialbygde leikemøbler.

Eg skal også i konserthuset, men venter til kvelden. Eg har vald den finaste konsertkvelden i vinterhalvåret her nord: opningsdagen for jazzfestivalen Bodø Jazz Open. Dette er ein årleg hending som samlar publikum frå heile landsdelen. Og elddåpen for Stormen som festivalarena. Festivalformatet er ein glitrande måte å sjå korleis eit konserthus fungerer – eller ikkje.

> "Eg har sjeldan hatt ei så god siste-rad-oppleving som på sisterada i Stormen."

Den store Hovedsalen er ramma for opningskonserten. På plakaten står Jan Garbarek Group, som speler sin einaste konsert i Noreg i år. Det er eit spanande band å høyre i ein ny sal: dei brukar både oppmikking og akustiske parti. Sidan flyet mitt er forsinka frå Oslo kjem eg for seint til å bruke krembilettane eg har, og eg må i staden snike meg inn på siste rad og sitje i trappa. Heilt øvst på galleriet. I ettertid er eg så glad for det.

Eg har sjeldan hatt ei så god siste-rad-oppleving som på sisterada i Stormen. I mange konsertsalar kjenner ein begjæret etter å flytte seg under konserten. Ein søker mot god akustikk og sikt, og speider etter ledige plassar. Slik hadde eg det nyleg i München, i ein sal som huser Münchner Philharmoniker, eit av Europas finaste orkester. Ja, ein måtte snike i pausen. I Berlinerfilharmonien derimot kan ein lene seg tilbake også på siste rad. Det gjer ein også i Jean Nouvel sin himmelske KKL Luzern i Luzern. Og i Noreg er dette den beste staden for siste-rad-oppleving. Både når det gjaldt sikt og lyd var dette perfekt. Dette gjer salen til ein sal på internasjonalt toppnivå.

Salen i Bodø minner om høgtida ein opplever i gamle barokke salar som Schloss Schwetzingen eller Palermo-operaen. Ikkje fordi den



Berlinerfilharmonien, 1963. Arkitekt: Hans Scharoun. *Berlin Philharmonic, 1963. Architect: Hans Scharoun.*
Foto: wikimedia commons



Kultur- og kongressenter, Luzern, Sveits, 1998. Arkitekt: Jean Nouvel. *Culture and Congress Centre, Lucerne, Switzerland, 1998. Architect: Jean Nouvel.*
Foto: KKL Luzern/Urs Wyss



Rokokkoteateret i Schloss Schwetzingen, Tyskland, 1753. Arkitekt: Nicolas de Pigage. *The Rococo Theatre, Schloss Schwetzingen, Germany, 1753. Architect: Nicolas de Pigage.*
Foto: www.theatre-architecture.eu




Teatro Massimo, Palermo, 1897. Arkitekt: Giovan Battista Filippo Basile. *Teatro Massimo, Palermo, 1897. Architect: Giovan Battista Filippo Basile.*
Foto: siciliangodmother.com

er aristokratisk svulstig barokk. Nei – effekten her kom av å sitje i båtar. Eller rettare sagt: båtskrog. Balkongane som skyt ut i Hovedsalen er beinkvite og forma som skrog. Ein repetisjon av båtane ute i hamna.


Etterkvart som konserten utvikla seg såg ein kor eklektisk rommet er. Hovedsalen er strålande for oppmikka musikk og får også fram nyansane i solospel på Steinwayflygelet. Då Garbarek spelte tussefløyte pianissimo sat han saman med oss på siste rad – akustisk sett. Store synthklangar og tunge bassbeat funka også perfekt. Det hadde aldri gått i barokksalane på kontinentet. Eg kunne kommentert akustikken lenge – men det får halde å skryte den opp i skyene. Steinwayflygelet i denne salen gjer rommet til det beste konsertlokalet i landet. Norsk klassisk musikkliv har gått inn i ein ny æra.

Eg går ut or salen før konserten er over for å yte resten av huset litt rettferd. Foajeane som snart blir fylde med publikummarar er enno folketomme, duse og varme. Neddempa. Det sentrale trappepartiet er lyssett som ein skulptur, i likskap til den store trappa i biblioteket.

Så er Garbarek og gruppa hans ferdige. Salige jazzfans strøymer ut og nedover trappa mot djupet av det store huset. Dei som går heilt til botnen av huset møter ein enorm stor rund fjærestein. Ein stein utsmykkar Anne Katrine Dolven fann i fjæra. Forma av



Salen, Kultur- og kongressenter, Luzern, Sveits, 1998. Arkitekt: Jean Nouvel. Auditorium, Culture and Congress Centre, Lucerne, Switzerland, 1998. Architect: Jean Nouvel.
Foto: KKL Luzern/Urs Wyss



Gasteig Philharmonie, München, 1985. Arkitekter: Raue, Rollenhagen og Lindemann. Gasteig Philharmonic, Munich, 1985. Architects: Raue, Rollenhagen and Lindemann.
Foto: Andreas Praefcke

havet. Den ligg der som ei lita søster til ein endå større stein ute på taket i bibliotekdelen av Stormen.

> “Steinwayflygelet gjer denne salen til det beste konsertlokalet i landet. Norsk klassisk musikkliv har gått inn i ein ny æra.”

Påminningar om dei store krefte ne i den nordlege strandsona. Steinane har ein ekstra dimensjon som lydinstallasjon, av Dolven: Eit opptak av gamle segn frå regionen går i loop. På utsida mot hamna ved biblioteket ligg eit fjerde element i Dolven si installasjon: ei manieristisk gedigen gatelykt. Denne har og ein lydinstallasjon. Eit symbol på møtestaden under lyset som er så viktig i den nordlege mørketida. Kunstprosjekta i og rundt Stormen er eit skuledøme på vellukka utsmykking. Utsmykkingane motarbeider ikkje arkitekturen, men løfter den. I Bodø blir dette rørande, personleg, nesten sakralt.

Folk skunder seg mot den neste salen – Sinus. Dei strøymer ned trappane og gjennom foajeane. Ein merker at Bodø er ein liten stad. Som om alle kjenner alle. Replikkar fell mellom glade konsertgjengarar og arkitekturbrukarar. Nokre er på veg heim, ut i dei iskalde gatene. Andre på veg mot neste konsert, med Halvdan Sivertsen. Alle seier ”takk for stunden” med klingande Bodødiksjon. Stunden som har vore noko meir enn det timelege og ordinære. I Notodden er dei på veg, men opplevinga har ikkje den same heilskapen. Interiørløysingane henger etter, er ikkje med. Kanskje kan dei få orden på det med tida. Men i bygg som Stormen står tida stille.

Nicholas Møllerhaug

Time Stands Still Inside the Storm

Appraisal of Stormen, Bodø and Bok & Blueshuset, Notodden by Nicholas Møllerhaug

The seaside in Bodø and the banks of the Telemark Canal in Notodden are two of Norway’s most scenic waterfronts, writes Nicholas Møllerhaug. Both these spaces have seen recent architec-



Stormen, Bodø. Konserthuset, store sal. *Stormen, Bodø. The Concert Hall, main hall.*
Foto: David Grandorge



Stormen, Bodø. Biblioteket med front mot havnen. *Stormen, Bodø. The Library seen from the harbour.*
Foto: David Grandorge

tural transformation, through the construction of cultural centres. Møllerhaug considers Stormen in Bodø to be the biggest miracle. Stormen's two concrete structures fill the last two vacant lots in central Bodø, providing the inhabitants with a warm public shelter from the icy Arctic wind. The acoustics of Stormen's main concert venue are of world-class quality, writes Møllerhaug. The exteriors of both buildings are remarkable, he continues, but though the three towers of Bok & Blueshuset effectively dramatize the Notoddden canalside, the interiors fail to absorb and express the building's main concept.

Nicholas Møllerhaug is a writer and curator.



Stormen, Bodø. Store sal. *Stormen, Bodø. Concert hall.*
Foto: David Grandorge'